

Det er inga skam å snu!

Det er med sorg eg ser på desse planane om å byggje ut på Rotsetstranda.

Dette er eit unikt område, med mykje historie og ikkje minst eit ope område mellom sjø og småhus langt oppover. Det er fint frå sjøsida. Dette bør ivarekast på ein måte som fremmer småhusbebyggelsen langsmed naustvegen. Det ser ikkje så fint ut no, med gjerde og gammalt industribygg, men det er jo fordi det ikkje har vore nokon vits i å halde området vedlike, då kommunen har regulert det til industriformål for 22 år sida. Noko som heldigvis ikkje blei noko av. Og så plutsleg blir det regulert til boligformål. Er det ikkje slik at det då bør byggast noko som passer inn med dei eksisterande husa? Eg tenkjer særleg på høgde og beliggenheit. Noko som ikkje stengjer resten av bebyggelsen inne og lager ein mur imellom sjøen og dei andre husa, Volda sentrum er slik, ei rekke med hus som stengjer trehusa inne. Heldigvis ikkje med den høgda som er i planene her. Vi treng ikkje gjere det same omatt. Det er mogeleg å finne andre plassar til høghus som ikkje til dei gradar øydelegg. Det er mogeleg å la td folk byggje eineboligar som ikkje ruvar slik, men som i staden kompletterer trehus bebyggesen. Det går heilt flott an å rydde nedsida av naustvegen og lage det til eit flott friområde utan å måtte få inn eksterne utbyggjarar. Viser her til Prestholmen og kva ein har fått til der.

Eg veit at det er sett av ei stripe til bading, båtslipp og avstand til Garvarbuda, men det er ikkje nok. Her må vi tenkje heilskap. Vi må sjå dei store linene frå fjøre til fjell, frå gamal tid til no. Vi må ta omsyn til dei som allereie bur rundt der. Og dei som kjem etter oss.

Ikkje alle planer bør gjennomførast, sjølv om nokon har investert i dei. Det er inga skam å snu!

Eg oppmodar Voldapolitikarane om å snu i denne saka.

Venleg helsing Wendi Stråbø



Garvarbuda og Ristegarden




Naustvegen



Detalj frå Naustvegen



Detalj frå huset som har stått her sidan 1880.



Detalj frå Naustvegen



slippen